

Ida Løvli Hidle  
Geminiveien 34  
3213 Sandefjord  
[idahidle@gmail.com](mailto:idahidle@gmail.com)  
[www.idahidle.com](http://www.idahidle.com)

Hordand Fylkeskommune  
Agnes Mowinckels gate 5  
5008 Bergen

Sandefjord, 31. August 2017

## Nordiske Akkordeondagar/Nordic Accordion Days

---

*Voss, 23.-27. juli 2018*

Nordiske Akkordeondagar/Nordic Accordion Days er ein heilt ny akkordeonfestival. Den er unik i sitt slag ved at den kombinerer opne meisterklassar og kurs av svært høg kvalitet for unge akkordeonistar med akkordeon/trekkspillkonserter\* for eit breitt publikum. Festivalen har ein visjon om å skape eit godt læringsmiljø for unge studentar med hovudvekt på klassisk- og samtidsmusikk. Vi ønskjer samstundes å nå ut til eit breitt publikum med konsertar som inkluderer trekkspel i fleire sjangrar med kjende utøvarar på instrumentet. Det vil mellom anna kome fleire studentar frå Kina, i tillegg til studentar og tilreisande frå Skandinavia og Europa som også vil halde konsertar under festivalen. Arrangementet går føre seg på Voss av den enkle grunnen at ein av grunnleggarane av festivalen, professor Geir Draugsvoll, kjem frå bygda. Dessutan er Voss er ein stad som, med Olav Ullestad i spissen, har fått eit internasjonalt rykte for å ha fostra mange gode utøvarar på instrumentet. Voss er også unikt i at staden byr på spektakulære naturomgjevnader for publikum og musikarar.

Draugsvoll blir rekna som ein av verdas fremste akkordeonistar og har mellom anna samarbeida med orkester som London Symphony Orchestra, Münchener Philharmonic, Mariinsky Orchestra, Russian National Orchestra, KORK og Trondheimsolistene. Han ønskjer å dele av kunnskapen sin, og bidra til vekst og talentutvikling innafor eit relativt lite miljø i Noreg og Norden.

## Kunstnarisk, kulturell og fagleg målsetjing

Vi har som mål å skape eit årleg arrangement og møtepunkt der idear kan skapast og utviklast. – Eit musikalsk samlingspunkt for fagpersonar og lokalbefolkning. Vi ønskjer samstundes å nå ut til eit breitt publikum med konsertane, og har difor invitert kjende artistar som Stian Carstensen, Per Arne Glorvigen, Irene Tillung (frå Voss) og akkordeonlegenda Mie Miki (Japan). Alle vil bidra på kurset og på festivalen. Vi meiner at den høge internasjonale anerkjenninga som muskarane har vil bidra til stor internasjonal deltaking på kurset, og i tillegg trekke eit breitt publikum til konsertane.

Vi legg også opp til festframsyningar og opplevingskonsertar, mellom anna ein "Smalahovekonsert", ein utandørs midnattskonsert med servering av smalahove, og ein intimkonsert i Undredal Stavkyrkje. Målsetjinga er å skape ein levande, internasjonal og samlande festival både for dei medverkande og for lokalbefolkninga.

## Lokalt samarbeid

Våre lokale samarbeidspartnarar er Ole Bull Akademiet og Logolink. Rektor ved Ole Bull Akademiet, Jo Asgeir Lie, er sjølv akkordeonist og engasjert i arrangementet. Ved akademiet vil det bli halde meisterklassar, workshops og konsertar i tillegg til at kursdeltakarar og instruktørar vil få kost og losji der. Det lokale selskapet Logolink vil stå for PR- materiell og nettside.

Elles er det viktig for oss å inkludere lokalmiljøet og finne spesielle og unike stader å spele konsertar. Konsertstader som vi allereie har avtalar med er: Smalahovetunet, Voss kulturhus, Stalheim hotell og Undredal Stavkyrkje. Målet er å få godt besøkte konsertar med stor sjangervariasjon.

Festivalen tek sikte på å bli eit fyrtårn innan det klassiske akkordeonmiljøet, og bidra til å vidareføre arven etter Olav Ullestad. Målet er at det skal bli eit årleg arrangement. Det er også viktig for oss at festivalen er lagt til ein stad der det allereie er eit akkordeonmiljø og eit rikt kulturliv. Som ein ekstra spiss kan Voss og nærområda tilby unike konsertarenaer og naturopplevingar for deltakarane.

## Sommarkurs

Kurset vil bestå av daglege meisterklassar der unge akkordeonistar frå heile verda kan melde seg på. Instruktørar vil vere Geir Draugsvoll, Mie Miki (Japan, busett i Tyskland) og Ida Løvli Hidle (Noreg). Geir Dragusvoll er født og oppvaksen på Voss, og bur no i

København der han er professor ved Det Kongelige Danske Musikkonservatorium. Han er internasjonalt kjend for å vere ein av dei viktigaste musikarane på instrumentet i dag. Mie Miki er ein levande legende. Ho underviser til dagleg ved Folkwang Universität der Künste i Essen, og har spela med orkester som Suisse Romande Orchestra og NHK Symphony Orchestra. Ida Løvli Hidle debuterte nyleg frå Det Kongelige Danske Musikkonservatorium med strålande anmeldelsar, og har utmerka seg med topplasseringar i internasjonale konkurransar. Med den internasjonale annerkjenninga som instruktørane har reknar vi med brei oppslutning frå mellom anna Kina og Europa. Til dei kinesiske utøvarane vil det vere naudsynt med tolk. Til dette har vi engasjert Hanshi Wang, som er ein premiært akkordeonist, og som også vil halde konsert under festivalen. På kurset ønskjer vi å fokusere på helse. Vi legg difor opp til eit kurs i Qigong for alle deltakarane med Tai Chi-instruktør Magne Seim frå Voss. Dette kurset vil legge vekt på å førebyggje slitasjeskadar hjå akkordeonistar.

Generelt kan vi sjå at Noreg og Skandinavia er i ferd med å bli akterutsegla samanlikna me andre land når det gjeld nivå og tal på unge utøvarar. Med dette kurset ønskjer vi difor å bidra til vekst og talentutvikling i regionen, og trur at eit internasjonalt miljø, og instruktørar med høg annerkjenning vil bidra til dette gjennom å skape engasjement og inspirasjon.

Vi er opptekne av at kursdeltakarane skal få oppleve Hordaland og Sogn- og Fjordane som turistdestinasjon, og ikkje minst naturen rundt Voss som kulisse for kurset. Vi vil difor arrangere elevkonsertar på stader som Undredal Stavkyrkje og Stalheim hotell. Dette inneber eit behov for å leige buss, og vi har difor budsjettert med dette. I utgangspunktet ser vi for oss ei alderssamansetjing på 15-30 år. Det finst ikkje noko liknande sommarkurs i Norden, og vi veit at dette vil vere attraktivt for unge elevar og studentar.

### Konsertprogram

Konsertprogrammet vil vise eit breitt spekter av det som finst innan det norske akkordeon/trekkspelmiljøet. Ein av konsertproduksjonane er konserten på Smalahovetunet, der det også blir urframføring av tingingsverket "Smalahovekonsert" for åtte akkordeon av Staffan Mossenmark (Sverige). Dette blir ein utandørs midnattskonsert og festframsyning med servering av smalahove for publikum og artistar.

Det vil også bli arrangert klassiske konsertar med deltakarar og instruktørar på kurset, mellom desse er Geir Draugsvoll, Ida Løvli Hidle, Mie Miki og Hanshi Wang. Andre artistar som er stadfesta er jazzmusikaren Stian Carstensen, som er kjend frå band som "Farmers Market" og "Gammalgrass", folkemusikaren Irene Tillung (frå Voss), som

særleg har gjort seg kjend gjennom trioane Tindra og Maar, og bandeonisten Per Arne Glorvigen, som mellom anna er kjend for samarbeidet sitt med Gideon Kremer.

### PR og økonomi

Inntektene til dette prosjektet vil i stor grad bli dekkja av deltakaravgifta frå elevane ved kurset, billettinntekter og offentlege midlar. Eit ideelt deltakarantal vil vere ca. 27 personar, og vi ser det som realistisk å fylle dette talet på deltakarar. For at unge studentar og elevar skal ha moglegheit til å vere med ønskjer vi å halde deltakaravgifta så låg som råd, og har her budsjettert med 5 000 NOK per person. Dette inkluderer både meisterklassar, kost og losji ved Ole Bull Akademiet.

Johanne Løvli Hidle vil vere økonomisk og administrativt ansvarleg for gjennomføringa av arrangementet. Ho har utdanninga si frå Kultur og Ledelse på BI. Magne Seim vil vere den lokale arrangøren for meisterklassane og konsertane, og vil bidra med praktiske gjeremål og kontaktformidling. I tillegg baserer arrangementet seg på ein god porsjon idealisme og friviljug arbeidskraft.

Vår samarbeidspartner, Logolink, vil bidra til utforming av heimeside, brosjyrar og PR-materiell. Informasjonsmateriale vil bli sendt ut til alle aktuelle utdanningsinstitusjonar. Det vil bli innleia eit samarbeid med alle nordiske og internasjonale trekkspelforeiningar for å spreie informasjon om kurset og konsertane, i tillegg til promotering på nasjonalt og regionalt nivå. Vi ønskjer å gjere festivalen synleg i bybilete på Voss og i regionen slik at alle kan få med seg kva som skjer. Vi trur og håpar at artistane sin høge internasjonale annerkjenning vil trekke til seg eit trekkspelinteressert publikum frå heile regionen.

*\*Akkordeon er ein type trekkspel som primært blir brukt til å spele klassisk musikk. Når vi her i søknaden både snakkar om akkordeon og trekkspel er det fordi festivalen vil leggje vekt på klassisk akkordeon, men også vil innehalde alle typar trekkspel. - Alt frå klassisk og moderne til folkemusikk og argentinsk tango.*

## Program

### *Måndag 23. juli 2018*

- 09.00 – 10.00: Innkvartering kursdeltakarane på Ole Bull Akademiet
- 11.00 – 13.00: Meisterklassar på Ole Bull Akademiet
- 14.00 – 17.00: Mesiterklassar på Ole Bull Akademiet
- 20.00 Konsert med Geir Draugsvoll og Mie Miki i Osasalen, Ole Bull Akademiet sin konsertsal.

### *Tysdag 24. juli 2018*

- 08.00 - 08.45: Qigong ved Magne Seim på Ole Bull Akademiet
- 10.00 – 13.00: Meisterklassar på Ole Bull Akademiet
- 14.00 – 15.30: Workshop med Per Arne Glorvigen på Ole Bull Akademiet
- 15.30 – 18.30: Meisterklassar på Ole Bull Akademiet
- 20.00: Konsert med Per Arne Glorvigen i Voss Kulturhus

### *Onsdag 25. juli 2018*

- 08.00 - 08.45: Qigong ved Magne Seim på Ole Bull Akademiet
- 10.00 – 13.00: Meisterklassar på Ole Bull Akademiet
- 14.00 – 15.30: Workshop med Irene Tillung på Ole Bull Akademiet
- 15.30 – 18.30: Meisterklassar på Ole Bull Akademiet
- 20.00: Konsert med Irene Tillung og Tindra i Voss Kirke

### *Torsdag 26. juli 2018*

- 08.00 - 08.45: Qigong ved Magne Seim på Ole Bull Akademiet
- 10.00 – 13.00: Meisterklassar på Ole Bull Akademiet
- 15.00 -16.00: Konsert med Ida L. Hidle og Hanshi Wang på Stalheim hotell
- 18.00: Elevkonsert i Undredal Stavkyrkje

### *Fredag 27. juli 2017*

- 08.00 - 08.45: Qigong ved Magne Seim på Ole Bull Akademiet
- 10.00 – 13.00: Meisterklassar på Ole Bull Akademiet
- 14.00 – 15.30: Workshop med Stian Carstensen på Ole Bull Akademiet
- 15.30 – 18.30: Meisterklassar på Ole Bull Akademiet
- 23.00: Midnatts-festkonsert, med urframføring av stykket "Smalahovekonsert for 8 akkordeon" og servering av smalahove. Urframføring av Trygve Brøske sitt stykke for akkordeon. Stian Carstensen avsluttar kvelden.

Då det framleis er lenge til juli 2018 tek vi forbehold om at tidspunkt og andre detaljer kan/bør justerast. Festivalen har fått stadfesta at dei aktuelle konsertarenaene og artistane er tilgjengelege i heile denne perioden.

Både meisterklassar, workshop og konsertar vil være opne for eit betalande publikum.